

# ORDENS- REGLEMENT BØ SKULE



## Innhald

1.0 Innleiing og føremål .....	3
1.1 Heimele.....	3
1.2 Virkeområde.....	3
2.0 Reglar og sanksjonar .....	4
2.1 Reglar om orden og åtferd.....	4
2.2 Tiltak ved brot på ordensreglementet .....	5
2.2.1 Moglege sanksjonar .....	5
2.2.2 Konkretisering av orden- og åtferdsreglane og moglege sanksjonar.....	5
2.3 Internett og bruk av datamaskinar.....	6
2.3.1 Nettvettreglar (henta frå nettvett.no).....	6
2.4 Hærverk og erstatning.....	6
2.5 Lovbrot og saker som vert melde til politiet, undersøkingar .....	7
2.6 Nødverje .....	7
3.0 Sakshandsaming ved sanksjonar.....	7
4.0 Iverksetjing .....	7
5.0 Handlingsplan mot mobbing for skulane på Nærbø	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>

## 1.0 Innleiing og føremål

Ordensreglementet skal leggje grunnlag for mest mogleg lik behandling av alle elevane på området som er viktige for dei og for skulesamfunnet sett under eitt.

Reglementet skal hjelpe til å gjere det klart kva for plikter og rettar elevane har, og skal gjere det lettare for elevane å ta ansvar for seg sjølve. Elevane skal også kunne kjenne seg trygge på at det ikkje vert gjort negative vedtak mot dei på anna grunnlag enn det som ordensreglane heimlar.

Ordensreglane skal fremme samarbeid, tryggleik, trivsel, respekt og medansvar for alle på skulen.

## 1.1 Heimel

Hovudutval for undervisning har gitt følgjande forskrift om ordensreglement for skulane i Hå kommune:

1. Skulane i Hå skal ha ordensreglement som ivaretek hensynet til rettar og plikter for elevane i skulen (Opplæringslova § 2-9)
2. Alle rådsorgana på skulen skal delta i utforminga av ordensreglane. Særleg viktig er det at elevane og føresette opplever at dei vert tekne med i arbeidet.
3. I ordensreglementet skal skulane ha med avsnitt om:
  - Tryggleik for elevane (Opplæringslova § 9-3, forskrift kap. 12)
  - Rett til vurdering (Opplæringslova § 2-3, forskrift kap. 3)
  - Utstyr og arbeidstilhøve for elevane (Opplæringslova § 2-9, § 2-10, § 15-2)
4. Ordensreglane skal skrivast i eit språk som er lett å forstå for elevane.
5. Framlegg til ordensreglement skal godkjennast av hovudutval for undervisning.

## 1.2 Virkeområde

Skulen har ansvar for elevane i undervisning, under arrangement, på ekskursjonar og liknande der elevane er under skulen si leiing. Dette inneber at ordensreglementet gjeld i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteområde, på skulevegen og når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område.

## 2.0 Reglar og sanksjonar

Skulen er ein læringsarena og arbeidsplass for ungar og vaksne. Alle har eit ansvar for korleis skulemiljøet er, og korleis det vert utvikla.

Elevane skal kunne forvente at skulen gjev hjelp, støtte og rettleiing. Alle skal møtast med tillit og respekt. Elevane skal ha jamleg tilbakemelding på eiga læring og utvikling, vurdering utan karakter. Dei skal vere aktivt med i opplæringa.

Elevane skal følgje vanlege reglar i samfunnet og vise god folkeskikk. Som elev har ein derfor både rettar og plikter ein skal følgje.

### 2.1 Reglar om orden og åtferd

- Eg er gild med alle, viser omsorg og respekt.
- Eg arbeider godt i timane.
- Eg held arbeidsro.
- Eg møter presis.
- Eg ryddar etter meg.
- Eg let andre elevar sine egedelar vere i fred.
- Eg tek vare på det som høyrer skulen til, både ute og inne.
- Banning, slossing og mobbing held eg meg borte frå.
- Eg har ikkje med ting på skulen som kan vere til skade for meg sjølv eller andre.
- Røyk og rusmiddel er forbode. Snop ligg att heime.
- Eg respekterer reglane skulen har for bruk av data/internett.
- Mobilen ligg att heime.
- Eg rettar meg etter trafikkreglane.

## **2.2 Tiltak ved brot på ordensreglementet**

Alle sanksjonar ska lvere slik at elevane skal forstå kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette. Sanksjonane skal stå i rimeleg forhold til kva brot som er gjort på ordensreglane. Tiltak bør kome så nært regelbrot i tid som mogleg.

Brot på reglar som følgjer av lov eller reglement kan sanksjonerast etter reglane i dette kapittelet, dersom ikkje anna er særskilt nemnt.

Fysisk refsing og anna krenkande handling skal ikkje nyttast. Med fysisk refsing meiner ein ikkje arbeid i samband med rydding, vask, reperasjonar og liknande etter seg sjølv eller andre.

Eleven/elevane som har brote reglane skal få uttale seg i saka. Ein skal ikkje straffe kollektiv, men la sanksjonen vere ein naturleg konsekvens i høve til kva som er gjort.

### **2.2.1 Moglege sanksjonar**

- Munnleg/skriftleg åtvaring frå personalet.
- Munnleg/skriftleg åtvaring frå rektor.
- Kontakt med heimen og involvering av føresette.
- Attsitjing (ta att tid) eller innesitjing i friminutt/midt-time
- Beslag av ulovlege gjenstandar. Føresette må hente dei.
- Pålegg om oppgåver for å rette opp skade elevane har gjort, t.d. plukke søppel, vaske gulv, fjerne tagging og liknande.
- Erstatningsansvar inntil kr. 5000,-
- Bortvisning frå gruppa for resten av timen eller dagen. Rektor avgjer.
- Midlertidig byte av gruppe/trinn.
- Utestenging for bruk av data/internett.
- Straffbare høve vert meldt til politiet.

### **2.2.2 Konkretisering av orden- og åtferdsreglane og moglege sanksjonar**

1. Alle snakkar fint og høfleg til og om kvarandre
  - tiltale, beskjed heim
2. Alle har ytterklede av i klasserommet, og heng dei på gangen
3. Alle held orden på skulen
  - må bruke av eiga tid til å rydde, evt erstatte øydelagde saker.
4. Alle har respekt for tida
  - dersom ein kjem for seint, vasar vekk tid, tek ein dette att i eit friminutt eller etter skuletid.
5. Alle får arbeidsro
  - dersom ein uroar i timar, må ein bytte arbeidsplass.

## 2.3 Internett og bruk av datamaskinar

IKT i opplæringa er vektlagt som ein grunnleggjande ferdigheit gjennom bruk av digitale verktøy. I læreplanen er det kunnskapsmål for bruk av digitale verktøy i alle fag. Så og seie alle datamaskinane på skulen er knyta til internett. Det er derfor viktig at lærarar, elevar og føresette har tilstrekkelege kunnskapar om korleis ein kan beskytte seg mot ulike truslar og farer ved bruk av internett.

Bruk av internett i opplæringa er utbredt, ikkje bare som eit verktøy for å innhente informasjon, men også direkte i undervisningssituasjonar gjennom utstrakt bruk av it's:learning og andre pedagogiske program.

Skulen har nettvettreglar og reglar for bruk av skulen sitt datautstyr. Elevar som bryt nettvettreglane og / eller reglane for bruk av datautstyr, kan utestengast for bruk av skulen sitt datautstyr for ein periode.

- Bruk av datamaskin er bare tillate etter avtale og i nærvær av lærar.
- Elevane skal ikkje kople frå kvarandre tastatur, mus eller andre delar. Heller ikkje endre på ulike oppsett på datamaskinen.
- Mat og drikke skal ikkje vere ved datamaskinen.
- Elevane skal kjenne til nettvettreglane

### 2.3.1 Nettvettreglar (henta frå nettvett.no)

1. Ver mot andre på nettet som du vil at andre skal vere mot deg.
2. Ver forsiktig med å gje ut opplysningar om deg sjølv.
3. Skal du møte nokon du har chatta med på nett? Ta med deg ein vaksen eller ein ven.
4. Tenk deg om før du lastar ned gratis filer og innhald. Det kan liggje virus og spionprogram saman med filene du lastar ned.
5. Snakk med ein vaksen viss du opplever noko ubehageleg på nett.
6. Gje ALDRI ut passorda dine til nokon.
7. Spør om lov før du skriv om nokon eller legg ut bilete av andre.
8. Sjekk alltid kven som har laga informasjonen du finner - hugs at alle kan legge ut noko på nett.
9. Ver smart og trygg på nett!

## 2.4 Hærverk og erstatning

Elevar som gjer hærverk kan påleggast å rydde opp etter seg / utbetre skadar når det er arbeid eleven har føresetnad for å klare. Ved hærverk vil eleven og / eller føresette kunne verte gjort erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap eller øydelegging av skulebøker og utstyr.

Eleven kan verte erstatningsansvarleg etter erstatningsrettslege reglar. Føresette kan verte erstatningsansvarlege for skade som er påført forsetteleg eller uaktsamt av deira barn med inntil kr 5 000,- for kvar enkelt skade, jf. skadeerstatningslova § 1-2.

## **2.5 Lovbrot og saker som vert melde til politiet, undersøkingar**

Dersom det føreligg mistanke om straffbare forhold, kan rektor be politiet om hjelp. Føresette til elevane skal, dersom det er mogleg, varslast munnleg samstundes med at det vert teke kontakt med politiet. Føresette skal varslast skriftleg om at det er teke kontakt med politiet.

Skade på skulen sin eigedom vil kunne verte meldt til politiet. Straffbare forhold mot person vert som hovudregel meldt av den som er utsett for forholdet, den som er fornærma.

Ved grunn til mistanke om brot av reglar knyta til ulovlege / farlege gjenstandar, eller rusmidlar og tobakk, kan skulen si leiing gjennomføre undersøkingar i skuffer / skap som elevane disponerer. Skulen kan også be føresette om løyve til å gjennomføre kontroll av lommer i klede og ranslar. Om mogleg skal føresette kunne vere til stades ved eventuell kontroll.

## **2.6 Nødverje**

Skulen sitt personale har ei særleg plikt for omsorg for elevane på skulen. Personalet vil derfor ikkje bare ha rett, men også plikt til å gripe inn for å hindre at elevar skadar eller plagar andre elevar eller skadar seg sjølv eller skulen sin eigedom. Straffeloven § § 47 og 48 om naudrett og naudverje gjev ei opning for at skulen sitt personale kan nytte fysisk makt til å stoppe elevar som sloss, hindre at eleven skadar seg sjølv eller andre, eller skulen sin eigedom, og til å verje seg mot elevar som opptrer truande eller valdeleg.

Når eit slikt tiltak vert sett i verk, skal ein straks melde frå til rektor og til føresette.

## **3.0 Sakshandsaming ved sanksjonar**

Avgjerder om følgjande sanksjonar skal alltid nedfellast i for av enkeltvedtak:

Bortvisning frå gruppa for resten av timen eller dagen, midlertidig byte av gruppe/trinn, og tiltak som omhandlar det psykososiale miljøet (saker som kjem inn under mobbeplanen).

## **4.0 Iverksetjing**

Dette ordensreglementet trer i kraft etter vedtak i FAU, 08.11.2011.